



Sjå adresseliste

Dato: 03.05.2016
Vår ref.: 2014/13889-42
Saksbehandlar: lisadla
Dykkar ref.:

Kandidatar til trafikksikringsprisen 2016 - frist 1. august

I *Handlingsplan for trafikksikring for Hordaland 2014-2017* er det etablert ein trafikksikringspris som eit nytt trafikantretta tiltak i regi av Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU). Det er sett av 25.000 kr kvart år i denne planperioden.

Føremålet med ein slik pris er å gje ei påskjøning til dei som legg ned mykje arbeid og engasjement for betre trafiktryggleik i fylket. Intensjonen er å på ein god måte å synleggjere trafikksikringsarbeidet i fylket, samstundes som prisen vil kunne vere til inspirasjon og motivasjon til vidare arbeid. Det er eit mål at prisen løfter fram enkeltpersonar eller grupper som har gjort ein særskilt innsats. FTU er ansvarleg for nomineringsprosessen og tildeling av prisen. Det vert lagt opp til at prisen skal delast ut kvart år på den årlege trafikksikringskonferansen til FTU, men dette avheng sjølvst av om det er aktuelle kandidatar til prisen.

Fyrst og fremst skal prisen stimulere til engasjement blant dei som i utgangspunktet ikkje har trafikksikring som si hovudoppgåve, men likevel har vist særleg stor innsats i samband med trafikksikringsarbeidet i fylket. Det er likevel slik at også personar som har trafikksikring som sitt daglege virke kan vere kandidatar til å kunne få tildelt prisen.

Vi ber om at kandidatforslag med grunngjeving vert sendt på e-post til lise.adlandsvik@hfk.no innan måndag 1. august 2016.

Trafikksikringskonferanse for kommunane i Hordaland 2016

Hordaland fylkeskommune v/ FTU vil med det same orientere om den årlege trafikksikringskonferansen som i år er dagsett til onsdag 23. november. Utførleg program for konferansen kjem over sommaren. Vi ber om at de set av dagen.

John Martin Jacobsen
leiar

Lise Fauskanger Ådlandsvik
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Adresseliste:

Alle kommunane i Hordaland
Hordaland politidistrikt
Statens vegvesen Region vest
Trygg Trafikk Hordaland
ATL Hordaland